



3. oktober 2011

## INNKALLING

Møte i **PROGRAMUTVALET FOR LÆRARUTDANNINGA** mandag 10.oktober 2011, kl.12.15-14.00, seminarrom 217, HF-bygget.

Anne-Brit Fenner  
Heming Gujord  
Christian Sæle  
Tor Jan Ropeid  
Randi Ødegård for studentrepresentant  
Jan Oldervoll  
Hege Sygna for Hilde Hjertager Lund  
Sekretær: Silje Anette Lindgren

<b>I</b>	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>
<b>II</b>	<b>Godkjenning av protokoll frå møtet 15. september 2011</b>
<b>III</b>	<b>Orienteringssaker</b>
	<ol style="list-style-type: none"><li><b>1. Ny studentrepresentant i PUHF</b></li><li><b>2. Møte i Studiestyret 28.september 2011</b></li><li><b>3. Nasjonal lektorkonferanse i Trondheim 29.- 30.september 2011</b> Drøfta problemstillingar knytte til utviklinga av nasjonale rammer for 5-årig integrert lektorutdanning (<a href="http://www.uit.no/rammeplan8-13">www.uit.no/rammeplan8-13</a>). I 2012 blir Nasjonal lektorkonferanse arrangert i Oslo 27.- 28. september</li><li><b>4. Brev om dimensjonering av opptak til PPU er sendt til institutta (vedlegg)</b></li><li><b>5. Kompetansekrav til norsklærarar – ein tilrådd standard for '60-gruppa' (vedlegg)</b></li><li><b>6. Representant til arrangementskomité - årleg konferanse for lærarutdanninga (vedlegg)</b></li><li><b>7. Samrådsmøte/konferanse om PPU i Tromsø 24.- 25. november (vedlegg)</b></li></ol>
<b>IV</b>	<b>Saker</b>
<b>S11/25</b>	<b>Oppnemning av representant og vararepresentant til opptakskomiteen for eittårig PPU 2011-2013 (vedlegg) (vedtakssak)</b>
<b>S11/26</b>	<b>Registrering av studentar som skal ut i skuleerfaring</b>
<b>S11/27</b>	<b>Brev frå Fagutvalet for integrert lektor- og adjunktutdanning om misnøye knytt til praksis, utveksling og vekting av pedagogikk i studiet (vedlegg)</b>
<b>S11/28</b>	<b>Diskusjonsskisse for nytt opplegg for integrert lektorutdanning ved HF (vedlegg)</b>

<b>V</b>	<b>EVENTUELT</b>			
		Anne-Brit Fenner		
				Silje Anette Lindgren



16.09.2011

## PROTOKOLL

Møte i PROGRAMUTVALET FOR LÆRARUTDANNINGA torsdag 15. september 2011,  
kl. 12.00-14.00, seminarrom 217, HF-bygget.

Til stades:	Leiar	Anne-Brit Fenner
	LLE	Heming Gujord
	IF	Tor Jan Ropeid
	AHKR	Christian Sæle
	Visedekan for undervisning	Jan Oldervoll (observatør)
	Frå administrasjonen	Silje Anette Lindgren (sekretær)
Ikkje møtt:		Hilde Hjertager Lund (observatør)
Ikkje møtt:	Studentrepresentant, IL	

<b>I</b>	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>
	Innkallinga blei godkjent med følgjande merknader: 1) Møtetidspunktet bør setjast til kvart over. 2) To nye vedlegg til orienteringssak 7: Ein e-post frå Det psykologiske fakultet ved Marit Ulvik og Hege Sygna til praksisskular i Bergensregionen og eit vedlegg til denne med informasjon om partnerskulemodellen. Vedlegga blei delte ut på møtet.
<b>II</b>	<b>Godkjenning av protokoll frå møtet 09.06.11</b>
	Protokollen blei godkjent utan merknader.
<b>III</b>	<b>Orienteringssaker</b>
	<b>1. Nye representantar i PUHF: Tor Jan Ropeid (IF), Christian Sæle (AHKR), Silje Anette Lindgren (administrativ koordinator for lærarutdanningane ved HF og sekretær i PUHF)</b> Leiar i PUHF, Anne-Brit Fenner, ønskjer dei nye representantane i Programutvalet velkommen. Studentrepresentant til PUHF er enno ikkje på plass. Grunna dårleg oppmøte av studentar frå HF på generalforsamlinga til fagutvalet for integrert lektor- og adjunktutdanning (FIL) torsdag 8.september 2011, lykkast det ikkje å få valt ein representant. Administrativ koordinator har jamleg kontakt med FIL for å få på plass ein studentrepresentant så fort som råd.
	<b>2. Opptakstal for lærarutdanningane</b> Silje Anette Lindgren orienterte. <ul style="list-style-type: none"><li>• På integrert lektorutdanning med master i framandspråk var det 50 studentar som fekk tilbod om plass, 36 stykk takka ja, og per 06.09.2011 var det registrert 32 studentar på programmet.</li><li>• På integrert lektorutdanning med master i nordisk var det 38 studentar som fekk tilbod om plass, 22 stykk takka ja, og per 06.09.2011 var det registrert 20 studentar på programmet.</li></ul>

side 1 av 4

Side 3 av 29

- På erfaringsbasert master i undervisning med fordjuping i engelsk var det 18 studentar som fekk tilbod om plass, 17 av desse takka ja.
- På erfaringsbasert master i undervisning med fordjuping i norsk var det 17 studentar som fekk tilbod om plass, 15 av desse takka ja.
- På PPU fekk 123 studentar tilbod om plass, 87 av desse takka ja, og per 06.09.2011 var det registrert 78 studentar på det eittårige påbyggingsstudiet.

Jan Oldervoll kunne opplyse om at integrert lektorutdanning med master i framandspråk var det studieprogrammet ved HF som i 2011 hadde høgast poengsum ved opptak.

### 3. Møte i Programstyret 6. september 2011

Jan Oldervoll orienterte.

Følgjande sak frå møtet 6. september 2011 var av interesse for PUHF:

S 27/11 Brev fra MN vedrørende samarbeidsavtale om lektorutdanningen

MN går inn for samarbeidsavtale om lektor- og adjunktutdanninga. Foreløpig er dette ein avtale som skal gjelde mellom ulike institutt ved MN, men ein ser for seg at han kan vidareutviklast til også å gjelde samarbeid mellom fakultet og samarbeid internt på andre fakultet.

HF, representert ved Jan Oldervoll, uttrykte på møtet 6. september uro for at ein slik samarbeidsavtale vil bli ei minimumsløysing. PUHF ønskjer å undersøkje behovet for ein slik avtale med institutta, og vil forhøyre seg nærare med MN om erfaringane dei gjer seg.

### 4. Semesterrapport for PUHF våren 2011

Rapporten vil leggjast fram for PUHF og Studiestyret så snart som råd.

### 5. Endring av studieplan i samband med C-krav for kull 2010 på VID-MAUENG og VID-MAUNOR

Silje Anette Lindgren orienterte.

Fordi kull 2010 på dei to erfaringsbaserte masterprogramma ved HF ikkje var informerte om C-kravet på kursdelen av programma før langt uti haustsemesteret 2010, har IF og LLE tilrådd at snittkarakteren for dette kullet skal reknast ut frå tre av dei fire emna i kursdelen. Studentane bør kunne velje kva for emne snittet skal reknast ut frå. Fakultetet har gått inn for denne løysinga.

PUHF vil undersøkje fråfall på grunn av C-kravet, og ønskjer å ta opp C-kravet på master til diskusjon ved eit seinare høve.

### 6. Utlysingar av stillingar i fagdidaktikk knytte til erfaringsbasert master i undervisning i engelsk og i norsk

Anne-Brit Fenner og Heming Gujord orienterte.

IF har lyst ut ei 100% stilling som førsteamanuensis i engelsk fagdidaktikk med søknadsfrist 10. august 2011. Det er fem søkjarar som har meldt seg. Den som tek til i stillinga vil ha eit særleg ansvar for erfaringsbasert master i undervisning med fordjuping i engelsk, men vil òg ta del i integrert lektorutdanning med master i framandspråk, eittårig PPU og eventuelt andre emne i engelsk.

	<p>LLE skal lyse ut ei tilsvarande 100% stilling i norsk fagdidaktikk. Ein håpar på snarleg utlysing.</p> <p>Både IF og LLE takkar Det humanistiske fakultet for at stillingane i fagdidaktikk blei godkjente.</p> <p><b>7. Søknadsskjema for å bli partnarskule er sendt til skulane</b> Anne-Brit Fenner og Heming Gujord orienterte.</p> <p>På bakgrunn av positive erfaringar med pilotprosjektet "Partnerskap for profesjonsutvikling", har UiB ved Det psykologiske fakultet sendt ut søknadsskjema om partnarskap og informasjon om den nye partnarskapsmodellen til skulane i Bergensregionen. Praksisutvalet har i den nye modellen føreslått at det skal etablerast eit tett og godt samarbeid med ei lita gruppe, ca. 12 skular, i første omgang. Dette for å sikre systematisk oppfølging av høg kvalitet. Praksisutvalet ønskjer at partnarskapsmodellen skal byggast ut i framtida.</p> <p>PUHF har god tru på den nye modellen.</p> <p><b>8. Reglement for opptak til PPU</b> Reglement om opptak for eittårig praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) ved UiB blei godkjent i Programstyret 10.06.2011.</p> <p><b>9. Høyring om revisjon av læreplan i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar</b> Saka er vidaresendt til representantar på norsk som andrespråk.</p> <p><b>10. Høyring om skikkethetsarbeid i UH-institusjonane</b> Anne-Brit Fenner orienterte.</p> <p>Det psykologiske fakultet ved UiB oppnemnde 20.oktober 2010 ei arbeidsgruppe som skulle gå gjennom rutinar for skikkethetsvurderingar i lærar- og helsefagutdanningane ved fakultetet. Arbeidsgruppa ved Det psykologiske fakultet la fram rapporten frå dette arbeidet i mars 2011. Rapporten inneheld forslag til korleis ein kan implementere "Forskrift om skikkethet i høgere utdanning frå 1. august 2006" ved Det psykologiske fakultet.</p> <p>Nasjonalt råd for helse- og sosialfagutdanning og Nasjonalt råd for lærarutdanning i UHR oppretta i samarbeid ei arbeidsgruppe som skulle greie ut om skikkethetsarbeidet ved dei av utdanningane som er underlagt slik vurdering. Høyringsfristen på rapporten frå arbeidsgruppa til UiB sentralt var 15.08.2011.</p> <p>PUHF hadde ikkje moglegheit til å behandle høyringssaka innan fristen 15.08.2011, men støttar rapporten frå arbeidsgruppa ved Det psykologiske fakultet.</p> <p><b>11. Nedlegging av lærarutdanningsutvalet ved Det humanistiske fakultet</b> Anne-Brit Fenner orienterte.</p> <p>Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet godkjende i møte 22.februar</p>
--	--

	2011 nedlegging av lærarutdanningsutvalet ved HF. Nedlegginga av LUHF får konsekvensar for mandatet til Programutvalet. PUHF vil ta opp endring av mandatet på eit seinare møte.
<b>IV</b>	<b>Saker</b>
<b>S11/20</b>	Representantar til Nasjonal lektorkonferanse i Trondheim 29.- 30. september Vedtak: Administrativ koordinator Silje Anette Lindgren og Myriam Daniele Coco (IF) reiser. Ein eventuell tredje representant bør helst vere studentrepresentanten i PUHF, som enno ikkje er oppnemnd.
<b>S11/21</b>	Endring av emneplanar på VID-MAUENG Vedtak: Under føresetnad av at Utvalet for undervisning og internasjonisering (UUI) ved IF godkjenner at samlingane på VID-MAUENG blir obligatoriske (som på LLE og MN), støttar PUHF dette.
<b>S11/22</b>	Fagleg-pedagogisk dag 3. februar 2012 (diskusjonssak) Saka blei diskutert i forhold til to punkt: 1) Saksgang: På grunn av uklar informasjonsflyt, vil PUHF be SEVU om å sende brev om Fagleg-pedagogisk dag til fakulteta. Fakulteta vidareformidlar då brevet ut til institutta. Ei eventuell ønskeliste frå Utdanningsforbundet i forhold til innhald må òg kome i forkant av at brevet blir sendt til fakulteta. 2) Innhald: Det er viktig å ta omsyn til mottakarane (viktige rekrutteringspersonar og framtidige studentar) ved val av fag og tema. Ein ønskjer å halde fast på fleksibiliteten mellom førelesingar og miniseminar, og vil spesielt oppmode fagdidaktikarar om å ta del i Fagleg-pedagogisk dag.
<b>S11/23</b>	Organisering og prinsipp tilknytt praksis: førespurnad til Programstyret om resultat av arbeid Vedtak: PUHF sender førespurnad til Programstyret der resultatet av arbeidet til Praksisutvalet i denne saka blir etterlyst.
<b>S11/24</b>	Møtedatoar i PUHF hausten 2011  Vedtak: Måndag 10. oktober 2011 kl. 12.15 - 14.00 Måndag 14. november 2011 kl. 10.15 - 12.00 Torsdag 15. desember 2011 kl. 12.15 – 14.00
<b>V</b>	<b>EVENTUELT</b> Det var éi sak under eventuelt.  Det humanistiske fakultet har motteke brev om oppnemning av representant og vararepresentant til opptakskomité for eittårig PPU 2011-2013. PUHF vil behandle denne saka på neste møte, måndag 10. oktober 2011.
	Anne-Brit Fenner
	Silje Anette Lindgren



Det samfunnsvitenskapelige fakultet  
Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet  
Det psykologiske fakultet  
Det humanistiske fakultet

Referanse  
2010/11126-HEEK

Dato  
07.09.2011

## Dimensjonering av opptak praktisk pedagogisk utdanning H2012-V14

Søknadsfristene for opptak til praktisk-pedagogisk utdanning er 15. april for oppstart høsten 2012 og 15. oktober for oppstart i våren 2013. Det psykologiske fakultet ber med dette om en tilbakemelding med hensyn til hvilke fagtilbud som skal gis og dimensjoneringen for opptakene. Vanligvis ber vi om dimensjonering for ett år av gangen, men dersom det er mulig ønsker vi også en tentativ dimensjonering for høsten 2013 og våren 2014. Dette er for at vi skal oppnå best mulig forutsigbarhet for studenter som er midt i sitt utdanningsløp og som planlegger å ta PPU etter endt grad. Av samme grunn er det ønskelig at det fortsatt gis tilbud i de fagene som tidligere har vært tilbudt.

Det er fakultetene som har de økonomiske forpliktelsene for det fagdidaktiske tilbudet innen det ettårige PPU-studiet og fakultetene må derfor ta stilling til hvilke fag det kan tas opp studenter til i forhold til fagdidaktisk bemanning evt. mulighet for innleid fagdidaktisk kompetanse.

Universitetet i Bergens måltall for det ettårige PPU-studiet er 180 studieplasser med opptak to ganger i året. Det skal tas opp henholdsvis 100 studenter om høsten og 80 studenter om våren. De siste årene har UIB ikke klart å fylle måltallet for opptak til PPU.

For at informasjonen skal være tilgjengelig for potensielle søkere ber vi om at fakultetene gir en tilbakemelding på hvilke fag det kan gis fagdidaktisk tilbud i og dimensjonering (minimum og maksimum antall studenter pr. fag) for hele opptaksåret 2012/ 2013 **innen 1. desember 2011**, som sammenfaller med frist for innmelding av studietilbud til SO.

Ragna Valen  
Fakultetsdirektør

Frode Randal  
seksjonssjef

Dette er et UIB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Det psykologiske fakultet  
Telefon 55582710  
Telefaks  
post@psyfa.ulb.no

Postadresse  
Postboks 7807  
5020 Bergen

Besøksadresse  
Christies Gate 13  
Bergen

Saksbehandler  
Hege Ekeland  
55 58 32 11

side 1 av 2

1. april 2011

Til  
Unni Langås  
Leiar av Nasjonalt fagråd for nordisk språk  
og litteratur

**Kompetansekrav til norsklærarar**

Vedlagt her er vår tilråing med formulerte faglege minstekrav for å bli norsklærar, jf. oppnemningsbrev av 14. oktober 2010.

Tilråinga er laga av Bernt Øyvind Thorvaldsen og underteikna. Komiteens tredje medlem, Bjørn Kvalsvik Nicolaysen, har, av grunnar han berre sjølv kan gjere greie for, avstått frå å delta i komiteens arbeid.

Med helsing

Rune Røstad  
Institutt for nordisk og mediefag  
Universitetet i Agder

Vedlegg:

Kompetansekrav til norsklærarar – ein tilrådd standard for '60-gruppa'  
(9 sider)

# Kompetansekrav til norsklærarar – ein tilrådd standard for ‘60-gruppa’

## 1 Innleiing og avgrensing

Me er av Nasjonalt fagråd for nordisk språk og litteratur blitt bedne om å søkje “å formulere faglege minstekrav for å bli norsklærar.” Bakgrunnen er eit notat frå Torill Steinfeld ved UiO (datert april 2010, heretter omtalt som Steinfeld 2010), som gjev eit grundig oversyn over fleire problemstillingar knytte til spørsmålet om kompetansekrav til norsklærarar.

Problemfeltet er stort og mangesidig. Gjennomgangen og tilråinga nedafor er avgrensa til den såkalla ‘60-gruppa’, dvs. den studieeininga som gjev grunnlag for opptak til praktisk-pedagogisk utdanning (PPU), og dels til den fagdidaktiske delen av PPU, sidan 60-gruppa og denne tilhøyrande fagdidaktikken heng nøye saman. Som Steinfeld syner, rommar problemfeltet også 60-grupper innafor integrerte lærarutdanningar, og det er vår intensjon at tilråinga i sitt innhald også omfattar desse.

## 2 Opptakskrava til PPU

Medan allmennlærerutdanninga og no den nye grunnskolelærerutdanninga er relativt sterkt styrte frå sentrale hald, er situasjonen ganske annleis for faglærerutdanning med PPU. Institusjonane sjølve har ansvaret for både innhald og opptakskrav. For rammeplanen for PPU<sup>1</sup> heiter det at den einskilde “institusjon fastsetter krav til fordypning i enkeltfag” (s. 13), og “har ansvaret for å utvikle studietilbud som er i samsvar med rammeplanens mål og studentenes behov og interesser” (s. 16).

Følgjeleg er det rom for at opptakskrava til PPU kan variere ein heil del, og det synest som dei gjer det. Steinfeld 2010 (s. 1–2, 5–6) gjer greie for noko av dette, og viser til at ein fleire stader får opptak på PPU med ei 60-gruppe som inneheld store delar allmenn litteraturvitskap eller allmenn språkvitskap. Det finst også tilfelle der søkjarar ikkje treng dokumentere at dei er prøvde i begge målformene. Ifølgje Steinfeld er moglegheitene særleg store ved UiO. Ho har då ikkje nemnt, og kanskje ikkje funne fram til, dette formulerte opptakskravet for PPU ved UIB:

Nordisk: Årsstudium fra UiB kvalifiserer for opptak. Studenter med fullført mastergrad i allmenn litteraturvitskap må supplere med språkdelen av nordisk årsstudium for å kvalifisere. Studenter med fullført mastergrad i allmenn lingvistik må supplere med to emner fra nordisk litteratur for å kvalifisere. Andre årsstudium/utdanninger vurderes etter søknad.<sup>2</sup>

Slik det er formulert, framstår dette som ein normal, etablert praksis. Uansett årsak til praksisen, synest det å vere utilstrekkeleg å tilrå ein innhaldsstandard for 60-grupper av typen ‘Årsstudium i nordisk språk og litteratur’ dersom ikkje dei regulære opptakskrava til PPU blir i samsvar med tilråinga. Utover dette er det også problematisk om divergerande opptakskrav mellom institusjonane hindrar overgangar for kandidatlar som har 60-gruppe frå ein institusjon og søker PPU ved ein annan. Den moglegheita er til stades i dag.

### 3 Den institusjonelle fridomen – og ansvaret

Det er altså institusjonane sjølve som avgjer kva som skal vere innhaldet i 60-gruppa. Det gjev rom for store variasjonar, og tema som har ein naturleg plass i studiet ved ein institusjon, er gjerne tekne ut av studium andre stader. Eit velkjent døme er norrønt språk, som av ymse årsaker har vore under press dei seinare åra. Følgjeleg framstår nordiskfaget somme stader nokså tradisjonelt, medan det andre stader i større og mindre grad har teke opp i seg nyare tema. Nyorienteringar kan ofte grunnleggjast med vurderingar av skolarelevans, men heng vel så gjerne saman med nye forskingsinteresser i dei kollegia som har ansvaret for 60-gruppene.

Dersom ein ser på variasjonen mellom institusjonane som eit utslag av emnetrengsel og at faget er i stadig utvikling og fornying, treng ikkje variasjonen i seg sjølv vere eit problem. Det er likevel viktig å erkjenne at det kviler eit stort ansvar på fagmiljøa ved dei institusjonane som tilbyr utdanning som gjev kompetanse som norsklærer. I rapporten *Framtidens norskfag. Språk og kultur i et flerkulturelt samfunn*<sup>3</sup> er dette ansvaret særleg vektlagt, og dei nasjonale fagråda er framheva som “viktige arenaer” for den kontinuerlege vurderinga som trengst av kompetansegrunnlaget som utdanningane gjev (s. 6).

Det institusjonelle ansvaret skal samstundes vegast mot at nordiskfaget også er eit sjølvstendig forskingsfag som blir forma av den forskinga som går føre seg i dei ulike fagmiljøa, og at dette både kan og bør speglast att i fagets ulike utformingar på ulike stader. Ei rigid avgrensing av tema eller disiplinær, målt etter det ein reknar som ‘skolarelevant’, er derfor ikkje uproblematisk. Det er med andre ord verken ønskeleg eller mogleg å lage ein ‘rammeplan’ for 60-gruppa. Samstundes bør nok fagmiljøa – og fagrådet især – i sterkare grad enn i dag arbeide for ei sams forståing av kva som er grunnleggjande i denne utdanninga og vurdere seg sjølve deretter.

### 4 Om nyorienteringar og om nye emne

Ifølge Steinfeld 2010 (s. 3f.) er det tre særlege forhold som treng ei avklaring når det gjeld 60-gruppa:

- a) Norsk som andrespråk
- b) Grunnleggjande ferdigheiter
- c) Litteraturens plass i 60-gruppa

Desse tre punkta, og det som ligg i dei, føyer seg inn i og kan relaterast til mange innspel til norskfaget som er komne dei seinare åra. Bak innspela ligg det gjerne ei oppmoding til det ein meiner må innebere ei fagleg fornying av utdanninga ved mange av institusjonane. Ofte talar ein om skolarelevans og ein viser gjerne til Kunnskapsloftet.

#### 4.1 Norsk som andrespråk

I dag finst det ikkje lenger ein eigen læreplan i norsk som andrespråk. Kunnskapsloftets *Læreplan i norsk for språklige minoriteter* er ein “overgangsplan som bare skal nyttas til elevene er i stand til å følge opplæring etter den ordinære læreplanen i norsk”<sup>4</sup> (frå formålet). Dette inneber at mange – truleg dei fleste – minoritetspråklege elevar skal følgje den ordinære norskplanen og ha tilpassa opplæring i samsvar med den.

Kompetansegrunnlaget dette krev, er understreka i fleire samanhengar. I rapporten *Framtidens norskfag*<sup>5</sup> er det gjeve nokre konkrete “anbefalinger” om dette: “Både det flerspråklige perspektivet og andrespråksperspektivet må bli

dimensjoner ved den obligatoriske utdanningen for alle norsklærere”, og det må bli høve til fordyping i fagområdet norsk som andrespråk (s.6). For den nye grunnskolelærerutdanninga er det formulert på følgjande vis i forskriften om rammeplan for utdanninga<sup>6</sup>: “[Kandidaten] har kunnskap om barns og unges læring, utvikling og danning i ulike sosiale, flerkulturelle og flerspråklige kontekster” (§ 2). Og i NOU-rapporten *Mangfold og mestrings* frå 2010<sup>7</sup> (Østbergutvalet) er behovet understreka og konkretisert endå meir:

Det foreslås at kompetanse i norsk som andrespråk, flerspråklighet, flerkulturell pedagogikk og flerkulturell forståelse legges inn som en obligatorisk del av førskole- og grunnskolelærerutdanningene. Også PPU bør utvikle denne type kompetanse. (kap. 20.4)

Eit anna forslag til tiltak frå Østbergutvalet gjeld revisjon av læreplanen i norsk i Kunnskapsloftet “slik at et språklærings- og andrespråksperspektiv integreres” (kap. 8.9.2). Denne revisjonen er no sett i gang; Utdanningsdirektoratet har fått i oppdrag å gjennomgå og revidere læreplanen

med særlig fokus på at opplæringene skal legge til rette for at alle elever kan utvikle sine grunnleggende ferdigheter - å lese og å uttrykke seg muntlig og skriftlig - grundig og systematisk gjennom hele opplæringsløpet.<sup>8</sup>

Det er elles verdt å merke seg følgjande foring for oppdraget:

Norskfaget er både et ferdighetsfag og et kulturfag, med et betydelig kunnskapsinnhold som forvalter og utvikler vår kulturav. Selv om et hovedmål med revideringen beskrevet i dette oppdragsbrevet er en mer systematisk utvikling av de grunnleggende språkferdighetene, må den reviderte planen ha en god balanse mellom dette og tilegnelse av kunnskap.

#### 4.2 Grunnleggjande ferdigheiter

I Kunnskapsloftet opererer ein med fem grunnleggjande ferdigheiter som skal vere intergrerte i kompetansemåla for alle fag:

- Å kunne uttrykkje seg munnleg
- Å kunne uttrykkje seg skriftleg
- Å kunne lese
- Å kunne rekne
- Å kunne bruke digitale verktoy

Steinfeld gjev truleg uttrykk for ei meir eller mindre utbreidd oppfatning når ho skriv følgjande om desse ferdigheitene:

De grunnleggende ferdighetene (muntlig og skriftlig språkbruk, lesekompetanse, digital kompetanse) er en felles forpliktelse for alle fag. Men man må anta at forpliktelsen hviler særlig tungt på norskfaget. (Steinfeld 2010: 3)

Forst og fremst gjeld dette spørsmålet om ‘digital kompetanse’ skal sjåast på som eit særleg ansvarsområde for norskfaget. Dei tre første ferdigheitene er på ulike vis formulerte nettopp som spesielt norskfaglege i planen, medan det digitale feltet er omtalt slik:

*A kunne bruke digitale verktoy* i norsk er nødvendig for å mestre nye tekstformer og uttrykk. Dette åpner for nye læringsarenaer og gir nye muligheter i lese- og

skriveopplæringen, i produksjon, komponering og redigering av tekster. I denne sammenheng er det viktig å utvikle evne til kritisk vurdering og bruk av kilder. Bruk av digitale verktøy kan støtte og utvikle elevenes kommunikasjonsferdigheter og presentasjoner.

Tilknytninga til lesing og skriving er her tydeleggjort, då særleg når det gjeld det utvida tekstomgrepet. I kompetansemåla i planen går denne ferdigheita att fleire stader, mest under hovudområdet *samansette tekstar*, men også under området *skriftlege tekstar*. Det er såleis nokså opplagt at lesing og skriving av digitale tekstar/tekstuttrykk er eit særleg norskfagleg ansvarsområde, dvs. at desse tekstene representerer døme på det utvida tekstomgrepet og dermed krev ein utvida tekstkompetanse.

Med denne presiseringa høyrer vel momentet 'digitale tekstar' inn under det neste, mangesidige punktet.

#### 4.3 Litteraturens plass i 60-gruppa

Dette kompliserte, mangefasetterte – og velkjende – problemfeltet er noko grundigare omtalt av Steinfeld. Det dreier seg om forholdet mellom 'det språklege' og 'det litterære', og vidare om det utvida tekstomgrepet, 'samansette' tekstar, lesing som éin av dei grunnleggjande ferdigheitene og posisjonen til og 'plasseringa' av sakprosa/fagtekstar. Steinfeld spissar problemstillinga om dette slik:

Både hensynet til norsk som andrespråk, hensynet til de grunnleggjande ferdighetene og økt krav til kompetanse i å lese sakprosa tilsier at Nasjonal fagråd [sic!] bør vurdere om det at "litteratur" "tradisjonelt" har vært "sidestilt" med språk i studiefaget nordisk, skal innebære at litteraturemner, forstått som emner som omtrent utelukkende benytter skjønnlitterære tekster, også i framtiden må/bør utgjøre ca halvparten av de studiepoengene som inngår i den obligatoriske 60-gruppen. (Steinfeld 2010: 4)

Framstilt på denne måten, der ei språkside og ei litteraturside har hand om kvar sin halvdel av 60-gruppa, og der sakprosa, digitale og samansette tekstar skal definerast som det eine eller det andre, blir det lett problematisk, i alle fall om det inneber at andre, tradisjonelle emne må vike. Problemet vil også bli forsterka om fagrådet skulle kvantifisere mengda skjønnlitteratur som bør inngå i 60-gruppa, jf. ordlegginga til Steinfeld.

Skolerelevansen for dei nemnde emna er det lett nok å finne argument for: *Samansette tekstar* er eit eige hovudområde i læreplanen for norsk, på line med *munnelege tekstar*, *skriftlege tekstar* og *språk og kultur*. Vidare er det å kunne lese éin av dei grunnleggjande ferdigheitene; eit anna moment er som nemnt ovafor 'den digitale kompetansen'. Desse punkta er formulerte på ulike overordna nivå i planen.

#### 5 Den nye 'fagplanen' i norsk for grunnskolelærerutdanninga

Kandidatar med fullført 60-gruppe i norsk og tilhøyrande PPU blir kvalifiserte for arbeid som lærar i vidaregåande opplæring, vaksenopplæring og dei øvste stega i grunnskolen. Dei får såleis ein kompetanse som er dels overlappande med kandidatar som fullfører den nye grunnskolelærerutdanninga (GLU), og det er derfor grunn til å sjå noko på norskfaget i denne utdanninga.

Dei sentrale 'fagplanane' for GLU 5.–10. steg er nedfelte i dokumentet *Nasjonale retningslinjer for grunnskolelærerutdanningen 5.–10. trinn*<sup>9</sup>, der norskfaget er omtalt på sidene 28–33. I retningslinjene er læringsutbyttet formulert

med utgangspunkt i det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket<sup>10</sup>, som sorterer mellom mål for kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse. Med dette har ein inga tematisk deling mellom språk og litteratur eller språklege og litterære emne. Einaste staden omgrepsparet er nytta saman er i eitt einskilt kompetansemål: “[Kandidaten] kan leggje til rette for at arbeidet med språk og litteratur kan styrke identiteten til elevane [...]” (s. 31).

For norskfaget er retningslinene formulerte særleg detaljerte og konkrete, og ‘planen’ synest å vere skriven relativt tett opp til Kunnskapsløftet. Måla for læringsutbytte er såpass mange og omfattande at planen framstår som noko overlessa for berre 60 studiepoeng. I tillegg skal desse poenga også inkludere fagdidaktikken, som for 60-gruppa kjem som eit tillegg på 15 studiepoeng i PPU.

Kunnskapsløftet opererer som kjent med fem grunnleggjande ferdigheiter i læreplanen for norsk: å kunne uttrykke seg munnleg, å kunne uttrykke seg skriftleg, å kunne lese, å kunne rekne, å kunne bruke digitale verkøy. I lys av dette kan ein merke seg følgjande formulering i retningslinene for norskfaget (s. 28):

Norskfaget har eit særleg ansvar for opplæring i dei grunnleggjande ferdigheitene; å kunne uttrykke seg munnleg, å kunne uttrykke seg skriftleg og å kunne lese.

Her er altså den såkalla digitale kompetansen ikkje formulert som eit særleg ansvarsområde for norskfaget. I staden er det digitale feltet inkludert blant dei ulike måla på læringsutbytte, på line med andre kunnskapar og ferdigheiter, til dømes slik:

- har omfattande kunnskap om kva som kjenneteiknar munnlege, skriftlege og samansette tekstar, fiksjonstekstar og sakprosaetekstar i ulike sjangrar, og tekstar frå eldre og nyare medium (s. 30)
- kan ta i bruk ulike digitale verkøy i norskopplæringa, skape og vurdere digitale, samansette tekstar (s. 31)
- kan setje i gang, rettleie og vurdere munnleg, skriftleg og samansett tekstproduksjon hos elevar på ungdomssteget og grunngi karakterane ein set (s. 32)

Planens mange mål går ifrå svært tradisjonelle norskfaglege tema til område som vel representerer fagleg og fagdidaktisk fornying. Digitale ferdigheiter er nemnt. Andre dome på vektleggingar av ‘nyare’ karakter kan vere:

- har kunnskap om fleirspråklegheit, fleirspråkleg praksis og om det å lære norsk som eit andrespråk (s. 29)
- kan leggje til rette for at elevar får lese eit breitt utval litteratur, også sakprega tekstar i tradisjonelle og moderne medium, at dei utviklar leselyst og gode lesestrategiar og blir stimulerte til vidare lesing (s. 30)
- har utvida innsikt i korleis gutar og jenter på ungdomssteget kan motiverast til lesing og vidareutvikle leseforståing og lesestrategiar, både elevar med norsk som førstespråk og norsk som andrespråk (s. 31)

Mange av måla kan seiast å vere sterkt fagdidaktisk formulerte, samstundes som dei inkluderer eller føreset fagleg kunnskap. På den andre sida er det altså også mål i planen som har ei solid forankring i den meir tradisjonelle sfæren av norskfaget, til dømes:

- har god innsikt i talemålsvariasjonen i moderne norsk på historisk og dialektologisk grunnlag

- har inngående kunnskap om norsk språkhistorie etter 1800 og om gjeldande normering av bokmål og nynorsk
- har god litteraturhistorisk oversikt og kunnskapar om sentrale verk i norsk fiksjonslitteratur [og sakprosa og kjennskap til teoriar om samansette tekstar] (s. 32)

Generelt er det historiske perspektivet framtrudande i desse delane av planen, jf. ordlyden i den generelle presentasjonen av planens andredel:

I norsk 2 står samanhengen mellom språk og tekst i fortid og samtid sentralt. Studentane skal få utvida, forskingsbasert innsikt i korleis språket har utvikla seg og framleis utviklar seg. Likeeins skal dei studere tekstkulturen slik han er og har vore. (s. 31)

Vidare skal ein merke seg kor sterkt kompetansen i begge målformene er vektlagt:

Studentane skal vurderast i bokmål og nynorsk i norskfaget [...] (s. 29)

- kan vurdere og bruke relevante undervisningsmetodar i lese- og skriveopplæring og skriftforming frå 5. til 10. trinn, både for elevar med norsk som førstespråk og andrespråk, og for elevar som skriv på bokmål og elevar som skriv på nynorsk (s. 30)
- er sikker munnleg språkbrukar og stø i skriftleg bokmål og nynorsk (s. 31)
- har inngående kunnskap om norsk språkhistorie etter 1800 og om gjeldande normering av bokmål og nynorsk (s. 32)

Formuleringane har basis i forskrift om rammeplan for utdanninga<sup>11</sup>, der kompetansen i begge målformene er understreka som læringsutbytte for begge utdanningslopa innan GLU:

- [Kandidaten] mestrer norsk muntlig, norsk skriftlig både bokmål og nynorsk, og kan bruke språket på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng (s. 3)

Under § 5 i forskriften står det at det i GLU for 1.–7. steg kan “gis fritak fra prøve i en av målformene i norsk for studenter som ikke har vurdering i begge norske målformer fra videregående opplæring” (s. 5). Ein må med dette forstå at ein normalt skal prøvast i begge målformene for å dokumentere mestringa av dei. For GLU 5.–10. steg er det heller ikkje mogleg å gje slikt fritak, som i praksis helst gjeld kandidatar med anna morsmål enn norsk.

Retningslinene for norskfaget verkar som sagt noko ‘overlessa’ og ambisiøse; på 60 studiepoeng skal kandidatane tileigne seg kunnskapar og ferdigheiter i rad faglege område – tradisjonelle og ‘nye’ – samstundes som dei skal oppnå tilhøyrande fagdidaktisk kompetanse. Rett nok gjev GLU for 5.– 10. steg undervisningskompetanse i ein avgrensa del av Kunnskapsløftets skoleløp, og graden av ønska faglege og fagdidaktiske innsikter må nok vurderast i lys av nettopp det. Når 60-gruppa i norsk med PPU gjev ein vidare undervisningskompetanse, er det nærliggjande å tenkje at behova for utvida eller djupare innsikter aukar tilsvarande.

## 7 Konklusjon og nokre premissar

Norskfaget i skolen er svært omfattande. For grunnskolelærerutdanninga har ein forsøkt å møte dette med detaljerte – og omfattande – retningslinjer for kva for emne som må vere med, og ein har lagt seg tett opp til læreplanen i Kunnskapsløftet.

For 60-gruppa er det etter vår oppfatning verken mogleg eller ønskeleg å utforme ein liknande 'rammeplan' som skal fylle studiet frå ende til annan. Med fagets store omfang må ein erkjenne at ein med 60 + 15 studiepoeng (PPU) ikkje kan få fullgode kunnskaps- og ferdigheiter innafor alle relevante område. Lærarar må vere budde på at det er mangt som dei må arbeide med sjølve, i etterkant av studia, for å kunne undervise i det. For somme kan det vere norront språk, for andre samisk litteratur eller estetiske uttrykk i film og musikkvideo. Vidare er det eit sentralt poeng at den institusjonelle fridomen syter for at skolefaget kan utvikle seg gjennom nærleiken til forskinga som skjer på dei ulike institusjonane. Det er derfor gode grunnar for å akseptere – ja, oppmode til – variasjon og ulikskap mellom utdanningane i landet

Fridomen og variasjonen må likevel vegast mot at somme fagområde framstår som meir sentrale enn andre i skolefaget, på den måten at dei utgjer ein basis for den seinare kompetanseutviklinga som kommande lærarar sjølv skal ta ansvar for. Desse områda har me i tilråinga nedafor formulert som mål på læringsutbytte, og dei er å rekne som ein ikkje-kvantifisert del av det som bør inngå i 60-gruppa. Eit varsamt anslag på 30–40 studiepoeng verkar likevel ikkje urimeleg for desse måla. Vidare har me formulert eitt utvalt kompetansemål for norsk fagdidaktikk i PPU, berre som ei presisering av eit område som må inngå der, og som må sjåast i nær samanheng med innhaldet i 60-gruppa.

Me har ikkje definert kompetansemåla som 'språklege' eller 'litterære'. Fagmiljøa og forskinga kan nok vere tente med denne inndelinga, også studieadministrativt, men for somme område vil det vere svært problematisk og overstyrande å kategorisere dei som heimehøyrande i den eine eller andre leiren. Til dømes er sakprosaetekstar noko både språkvitarar og litteratar kan arbeide med. Derfor har me naturleg nok heller ikkje kvantifisert den 'litterære' delen av studiet (jf. Steinfeld 2010: 4); ein måtte i så fall ha definert kva som er 'litteratur', noko fagmiljøa neppe kan einast om i denne samanhengen.

Kva bør så inngå i 60-gruppa *i tillegg* til dei ovanemnde kompetansemåla? Kan dei resterande studiepoenga hentast frå fagområde som står fjernare frå formuleringane i Kunnskapsløftet, som allmennlingvistikk og allmenn litteraturvitskap? Så lenge ein erkjenner at 60-gruppa ikkje kan dekkje alt i Kunnskapsløftet, vil det vere noko urimeleg å gå imot denne praksisen, foresett at ein vurderer innhaldet som *relevant* for den lærarkompetanse utdanninga gjev.

Derimot er det ikkje uproblematisk å la ein slik praksis brukast som argument for å gje opptak til PPU frå andre studiar enn nordisk (jf. kap. 2 ovafor). Det som synest å kunne vere tilfellet, er at dei krava ein set til 'nordisk-tillegg', er lite krevjande. Det er administrativt enklare å berre krevje ein sum studiepoeng enn å spørje om innhaldet, målt etter til dømes læringsutbytte. Det er også grunn til å tru at desse opptaksmoglegheitene er komne til først og fremst for å gje kandidatar med få karrierevegar fleire bein å stå på, slik at desse ikkje-nordiske studia lettare får studentar. Følgjeleg bør *innhaldet* i 60-gruppa, målt etter læringsutbytte og formelle krav (prøving i begge målformer), vere styrande for kva som gjev opptak til PPU.

## 8 Tilråing

### 8.1 60-gruppa i nordisk språk og litteratur

Følgjande læringsutbytte må inngå i 60-gruppa i nordisk språk og litteratur:

Studenten

- har grunnleggjande kunnskapar om kva som kjenneteiknar munnlege, skriftlege og samansette tekstar; fiksjons- og sakprosaetekstar, og tekstar frå eldre og nyare medium
- har innsyn i tekstteori
- har grunnleggjande kunnskapar om norsk litteratur og kjennskap til sentrale verk i fortid og notid og i eit nordisk og internasjonalt perspektiv
- har kunnskapar om ulike litteraturteoretiske omgrep og metodar
- har grunnleggjande innsyn i det grammatiske systemet i norsk
- har innsyn i norsk grammatikk i kontrastivt perspektiv
- har ferdigheiter i analyse av språklige ytringar
- har ferdigheiter i litterær analyse
- har ferdigheiter i tekstanalyse i eit kommunikasjonsperspektiv
- er stø i skriftleg nynorsk og bokmål

Studenten skal prøvast i både nynorsk og bokmål, for kvar av målformene gjennom minimum ein firetimars skoleeksamen utan hjelpemiddel, eller tilsvarande.

Fagdidaktikk skal normalt ikkje inngå i 60-gruppa i nordisk språk og litteratur.

### 8.2 Fagdidaktikk i norsk i PPU

Følgjande mål må inngå i læringsutbyttet i fagdidaktikk i norsk i PPU:

Studenten

- har kunnskapar om fleispråklegheit, fleispråkleg praksis og om det å lære norsk som eit andrespråk

### 8.3 Opptak til PPU

Det tilrådde læringsutbyttet for 60-gruppa og kravet om prøving i begge målformer (skissert i 8.1) fungerer som norm for opptak til PPU. Norma er styrande for eventuelle krav om tilleggsutdanning for studentar som ikkje har 60-gruppe i nordisk språk og litteratur.

Kristiansand og Volda 1. april 2011  
*Rune Røsstad og Bernt Øyvind Thorvaldsen*

---

## Noter

- <sup>1</sup> Rammeplan for Praktisk-pedagogisk utdanning. Fastsett 3. april 2003 av Utdannings- og forskningsdepartementet.
- <sup>2</sup> Universitetet i Bergen: Kvalifikasjonsgrunnlag for fagdidaktikkemner ved ettårig praktisk-pedagogisk utdanning (PPU). Internett: <http://www.uib.no/psyfa/artikler/2009/10/kvalifikasjonsgrunnlag-for-fagdidaktikkemner-ved-ettaarig-praktisk-pedagogisk-utdanning-ppu#hf> [Lasta ned 25.02.2011.]
- <sup>3</sup> *Framtidens norskfag. Språk og kultur i et flerkulturelt samfunn*. Rapport ved Arbeidsgruppe nedsatt av Utdannings- og forskningsdepartementet, januar 2006.
- <sup>4</sup> Utdanningsdirektoratet: Læreplan i grunnleggende norsk for språklige minoriteter. Internett. <http://www.udir.no/grep/Lareplan/?laereplanid=431050&visning=1> [Lasta ned 02.03.2011.]
- <sup>5</sup> Som note 3
- <sup>6</sup> Kunnskapsdepartementet: Forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanningene for 1.-7. trinn og 5.-10. trinn og forskrift om rammeplan for de samiske grunnskolelærerutdanningene for 1.-7. trinn og 5.-10. trinn. Internett: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/rundskriv/2010/Rundskriv-F-05-10-Forskrifter-om-ny-grunnskolelærerutdanning.html?id=598615> [Lasta ned 25.02.2011.]
- <sup>7</sup> NOU 2010:7: *Mangfold og mestring. Flerspråklige barn, unge og voksne i opplæringsystemet*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- <sup>8</sup> Kunnskapsdepartementet: Oppdragsbrev nr. 42-10. [Til Utdanningsdirektoratet 06.12.10.]
- <sup>9</sup> Nasjonale retningslinjer for grunnskolelærerutdanningen 5.-10. trinn. Internett: [http://www.regjeringen.no/upload/KD/Rundskriv/2010/Retningslinjer\\_grunskolelaerer-utdanningen\\_5\\_10\\_trinn.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/KD/Rundskriv/2010/Retningslinjer_grunskolelaerer-utdanningen_5_10_trinn.pdf) [Lasta ned 22.02.2011.]
- <sup>10</sup> Kunnskapsdepartementet: Kvalifikasjonsrammeverket for høyere utdanning. Internett: [http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/tema/hoyere\\_utdanning/nasjonalt-kvalifikasjonsrammeverk.html?id=564809](http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/tema/hoyere_utdanning/nasjonalt-kvalifikasjonsrammeverk.html?id=564809) [Lasta ned 25.02.2011.]
- <sup>11</sup> Som note 6



Matematisk institutt  
Det humanistiske fakultet  
Det samfunnsvitenskapelige fakultet  
Det psykologiske fakultet

Referanse	Dato
2011/9862-HILLU	16.09.2011

## Vedrørende representanter til arrangementskomite - årlig konferanse for lærerutdanningen

Lærerutdanningen ved Universitetet i Bergen har en kompleks organisasjonsmodell. Det er derfor viktig med faste møteplasser. Programstyret for lærerutdanning har siden 2006 arrangert en årlig felles samling (konferanse) for ansatte knyttet til lærerutdanningen ved UiB slik at felles problemstillinger med fokus på kvalitet og helhet i lærerutdanningen kan diskuteres. Konferanse er også en anledning for programsensorene å møte aktører i lærerutdanningen ved UiB og hverandre, samtidig som ansatte i lærerutdanningen får faglig påfyll.

Det har vært vanlig å oppnevne en komite som er ansvarlig for å arrangere denne konferansen. Arrangementskomiteen har bestått av en representant fra hvert av de fire fakultetene, samt en skolerepresentant og to studentrepresentanter (en fra PPU og en fra IL).

Følgende mandat ble godkjent av programstyret 17.06.08:

**Navn:** Lærerutdanningskonferansen 2011

**Ansvarlig:** Programstyret for lærerutdanning ved UiB

**Bakgrunn:** Behov for et felles møtested for å diskutere felles problemstillinger

**Formål:** Forbedre samarbeid og kommunikasjon i lærerutdanningen

**Omfang:** Konferansen skal vare i to dager

**Økonomi:** Konferansen skal ikke koste mer enn 150.000 kroner

**Tidspunkt:** Første praksisuke

Saken var oppe til diskusjon på møte i programstyret den 6. september hvor det ble gjort følgende vedtak: "Programstyret sender brev vedrørende fakultetsrepresentant til arrangementskomiteen innen 1. oktober. Ramme er satt til kr 150 000,- som tidligere år. Tidspunkt for konferansen 2012, torsdag og fredag i 2. praksisuke."

Dette er et UIB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Det psykologiske fakultet  
Telefon 55582710  
Telefaks  
post@psyfa.uib.no

Postadresse  
Postboks 7807  
5020 Bergen

Besøksadresse  
Christiesgt. 13  
Bergen

Saksbehandler  
Hilde Hjertager Lund  
55584840

side 1 av 2

På bakgrunn av vedtak i programstyret bes fakultetene melde inn hver sin representant til arrangementskomiteen innen **1. oktober 2011**.

Tilbakemelding kan sendes per e-post til [hilde.lund@iuh.uib.no](mailto:hilde.lund@iuh.uib.no)

Vennlig hilsen

Kari Smith  
Programstyreleder

Hilde Hjertager Lund

Kopi  
Marianne Jensen  
Stine Bergman Olsson  
Hege Ekeland  
Silje Anette Landsverk Lindgren

## Program for PPU-konferanse

### Kvalitet og relevans

**Universitetet i Tromsø, Campus Mellomveien**

**Tromsø, 24. – 25. november**

#### **Torsdag 24. november:**

0900 Registrering, kaffe

0930 Åpning

1000 Professor Hans Kristian Hernes: Forskningsbasert, integrert, praksisnær, profesjonsrettet og relevant. Om rammeplanarbeidet for PPU.

1145 Lunsj

1230 Parallelle sesjoner – vil bli organisert med utgangspunkt i liste over påmeldte. (Vi planlegger ut fra følgende faggrupper, det vil bli lagt opp til diskusjon med utgangspunkt i hver av faggruppene.):

- Administrasjon – Realkompetanse
- Pedagogikk – Studenten i spenningsfeltet mellom tradisjon og innovasjon Eli M Furu/Tor Vidar Eilertsen
- Yrkesdidaktikk
- Fagdidaktikk i samfunnsfagene
- Fagdidaktikk i fremmedspråk
- Fagdidaktikk i norsk/morsmål
- Fagdidaktikk i realfag

1400 Kaffe/frukt

To korte innspill: Hva skjer når PPU-studentene møter skolens praksis?

1430 Universitetslektor Rachel Elise Jakhelln: Tre nyutdannede læreres møter med videregående skole.

1500 Rektor Bente Gudesen Svenning, Kvaløya videregående skole

1530 Pause

1545 1.amanuensis Matts Mattson og 1.amanuensisTor Vidar Eilertsen: *A Practicum Turn In Teacher Education*. Teoretiske bidrag og empiriske eksempler fra forskning på studentenes praksis

1700 Avrunding

1930 Middag

**Fredag 25. november:**

0830 Felles start

0900 Professor Gunnar Grepperud: Veien til kvalitet går gjennom praksis

1100 Pause

1115 Perspektivbryting. Møtets overskrift - kvalitet og relevans – hvordan kan forelesninger, innspill og diskusjoner fra dette møtet bidra til vår kontinuerlige endrings- og utviklingsprosess?

1230 Avrunding og vegen videre; hva skal disse samrådsmøtene /konferansene være

1300 Lunsj

Avreise

**S11/25 Oppnemning av representant og vararepresentant til opptakskomiteen for eittårig PPU 2011-2013 (vedtakssak)**

Det humanistiske fakultet har motteke brev frå Det psykologiske fakultet 02.09.11, som gjeld oppnemning av ny opptakskomiteé for eittårig PPU. Oppnemningsperioden er foreslått til å vere 01.07.11 - 30.06.2013. Kwart fakultet skal oppnemne ein representant og ein vararepresentant. Frist for tilbakemelding er 15.november 2011.

**Forslag til vedtak:**



UNIVERSITETET I BERGEN

Det psykologiske fakultet

Det humanistiske fakultet  
Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet  
Det samfunnsvitenskapelige fakultet

Referanse

2009/4343-HEEK

Dato

02.09.2011

### Oppnevning av opptakskomite for ettårig PPU 2011-2013

Opptakskomiteen for ettårig Praktisk pedagogisk utdanning ble våren 2010 oppnevnt for perioden 01.01.2010 – 30.06.2011.

Opptakskomiteen for ettårig PPU hadde i perioden følgende sammensetning:

Ingrid Helleve (Leder - PSYK)  
Christoph Kirfel (MN)  
Stine Bergman Olsson (SV)  
Anne Britt Fenner (HF)  
2 studentrepresentanter fra NSU  
Programkoordinator for lærerutdanningen ved UIB (observatør)

Da perioden for opptakskomiteen er utgått ber Det psykologiske fakultet om at ny komité oppnevnes. Vi foreslår at ny oppnevningsperiode er fra **01.07.11– 30.06.2013**, altså for to år. Hvert fakultet bes om å oppnevne en representant, samt en vararepresentant.

Frist for tilbakemelding er **15. november 2011**.

Vennlig hilsen

Frode Randal  
seksjonssjef

Hege Ekeland  
førstekonsulent

Dette er et UIB-intern notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Det psykologiske fakultet  
Telefon 55582710  
Telefaks  
post@psyfa.ulb.no

Postadresse  
Postboks 7807  
5020 Bergen

Besøksadresse  
Christies Gate 13  
Bergen

Saksbehandler  
Hege Ekeland  
55 58 32 11

side 1 av 1

### **S11/26 Registrering av studentar som skal ha skuleerfaring (diskusjonssak)**

Studentar på integrert lektorutdanning med master i framandspråk eller nordisk skal ha skuleerfaring i 1., 3. og 5. semester. Fordi det ikkje er obligatoriske innleveringar før utplasseringa til skulane blir gjort, og fordi trekkfrist i emne ved HF først er 14 dagar før eksamen, opplever ein det som vanskeleg å få ei fullstendig oversikt over kven som skal ha skuleerfaring. Det er uheldig både med tanke på meirarbeid for praksiskonsulent og i forhold til skulane at listene ikkje stemmer. Rutinar for registrering av studentar som skal ha skuleerfaring er derfor ønskjeleg.

### **S11/27 Brev frå Fagutvalet for integrert lektor- og adjunktutdanning om misnøye knytt til praksis, utveksling og vekting av pedagogikk i studiet (diskusjonssak)**

Administrativ koordinator, Silje Anette Lindgren, har motteke brev frå Fagutvalet for integrert lektor- og adjunktutdanning 28.09.11, som gjeld misnøye knytt til 1) praksis, 2) utveksling og 3) vekting av pedagogikk i studiet.

- 1) I samband med praksisutplasseringa hausten 2011 har fleire studentar på integrert lektorutdanning med master i framandspråk eller nordisk opplevd kollisjonar mellom praksis og forelesingar. Nokon fekk òg, i første omgang, praksisplass i barneskulen.
- 2) Studentane ved HF ønskjer at det blir etablert eit liknande utvekslingstilbod som ved MN, der studentar på integrert lektor- og adjunktutdanning får moglegheit til å ta praksisen i Sør-Afrika. Studentane ved HF opplever generelt systemet som firkanta når det gjeld utveksling.
- 3) Studentane reagerer på at det berre er mengda av studiepoeng i fag 1 som er redusert i forhold til vanleg master + PPU. Dei ønskjer ei jamnare fordeling, der pedagogikk og fagdidaktikk òg blir redusert med tanke på studiepoeng.

## Misnøye og problemer vedr. integrert lektorutdanning ved HF

På vegne av lektorstudentene ved HF vil vi i Fagutvalget for Integrert Lektorutdanning informere om misnøye og problemer knyttet til utdanningen vår. Vi har fra ulike hold blitt oppfordret til å formulere problemene skriftlig, men om det er ønskelig, stiller vi gjerne til et møte.

Vi har vært i kontakt med mange av studentene ved lektorutdanningen og har et par konkrete saker som vi forventer at blir tatt på alvor.

- 1) Kollisjon mellom praksis og forelesninger: Flere av oss som er ute i praksis fra kull 08, opplever at vi ikke får delta på forelesningene vi har på universitetet fordi de kolliderer med timer i praksisskolen. For det første fordi kommunikasjonen mellom skolene og universitetet åpenbart fungerer dårlig, for eksempel har mange av praksisskolene ikke fått tilstrekkelig informasjon om når studentene har undervisning på universitetet. For det andre er det vanskelig for skolene å legge til rette for at studentene får fri på (u)gitte tidspunkt, da det er ønskelig at man følger én klasse.

En mulig løsning på problemet kan være at forelesningene til lektorstudentene flyttes til klokken 14.15-16.00, da skolene sjelden har så lange dager. Ellers bør det være en selvfølge at skolene for nok informasjon, tydelige retningslinjer og studentenes timeplan i god tid. For de aller fleste gjelder problemet én forelesning i uka, og det er uholdbart at vi skal miste åtte uker med undervisning, da vi skal opp til eksamen i faget.

En liten detalj i forbindelse med praksis: Vi har reagert på at noen kom i praksis på barneskolen. De det gjelder, har fått bytte til ungdomsskolen. Men vi forventer egentlig å komme på ungdomsskole/vgs siden det er det vi har fått informasjon om. Hege Sygna har fått en mail angående dette.

- 2) Vektlegging av pedagogikk og fag: Mange reagerer på mengdefordelingen av HF-fagene våre og pedagogikk. En integrert lektorutdanning skal ha pedagogikken og praksis integrert i fagstudiet, men vi opplever at faget er integrert i pedagogikken. Med det mener vi at pedagogikken tar mye tid og plass, mens vi har færre og mange reduserte emner i HF-fagene våre. Hvis vi sammenligner med vanlig master + PPU, har vi like mange studiepoeng i pedagogikk/didaktikk, men langt færre i masterfaget. Vi mener det hadde vært naturlig at pedagogikken, på lik linje med masterfagene, burde gi og ta, slik at det ble en noe jevnere fordeling.
- 3) Utvekslingsmuligheter på lektorutdanningen ved HF: Med tanke på at det er mange studenter som skal undervise i fremmedspråk, mener vi utvekslingsmulighetene burde være bedre. Vi ser nå at studentene ved mat.nat. får reise til Sør-Afrika for å ha praksisen sin der. Mange studenter ønsker et lignende opplegg ved HF. I tillegg ønsker mange studenter å møte større velvilje og et mindre firkantet system når det gjelder utveksling. Vi tror et bedre tilbud innen utveksling kunne løse noe av frafallsproblematikken som lektorutdanningen sliter med.

Vi håper vi kan ha en dialog med dere, og at vi studentene kan hjelpe til med å forbedre lektorutdanningen. Ideen med integrert lektorutdanning er god, men i praksis er det misnøye rundt hvordan løpet er lagt opp, og mange har en følelse av ikke å bli hørt.

Vi ønsker oss en følelse av å gå et godt tilrettelagt profesjonsstudium der vi ikke bare får en god pedagogisk utdanning, men også god fordypning i faget vårt.

På vegne av lektorstudenter

v/ Randi Ødegård og Sylvi-Ann Husby

Fagutvalget for Integrert Lektorutdanning

**S11/28 Diskusjonsskisse for nytt opplegg for integrert lektorutdanning ved HF**

Visedekan Jan Oldervoll har utarbeidd ei skisse for nytt opplegg for integrert lektorutdanning ved HF. Til drøfting i PUHF.

# Diskusjonsskisse for nytt opplegg for integrert lektorutdanning ved HF

Jan Oldervoll 3.10 2011

## Problem med noverande opplegg:

- Fråfall, truleg minkande, særleg på framandspråk.
- Problematiske praksisperiodar (praksis+ fagstudiar i same semester), kollisjonar, og truleg feil fokus når det gjeld fagstudiane. Det å stå framom klassen får fort førsteprioritet.
- Reduserte fag både på BA- og masternivå.
- Mange ekstra småfag, for å få kabalen til å gå opp.
- Dårlig integrerer fordi det i realiteten ikkje er ei fagleg integrering av fag, fagdidaktikk og pedagogikk. Integrasjonen føregår ved at studentane i somme semester kombinerer emne frå dei tre hovudområda.

## Mi siste løysing

- Førstesemester som i dag, med enten PEDA111 eller EXSCHOLAE-HF i staden for akademisk skriving
- Studentane studerer fag på normal måte, 90 studiepoeng i førstefaget, 60 i andre. Desse emna tek studentane i andre til og med sjette semester og har då eit utdanning som tilsvarer ein vanleg BA-grad.
- I sjuande og åttande semester tek dei PPU-delen av. Dei kan då dela undervising med ordinær PPU-utdanning i somme emne, medan i andre kan det vera aktuelt å gje dei separate.
- I kvart semester i kvart fag (av dei aktuelle seks) blir eitt emne gjort obligatorisk for lektorstudentane. I dette emne får lektorstudentane eit tilleggseminar, der fagdidaktiske og pedagogiske problem knytt til emnet blir diskutert. Det kan også vera aktuelt å gje dei ein eigen eksamen. Dermed må vel emnevarianten få ein eigen kode. Men igjen, same pensum, same førelesingar. I samband med dette emnet kan det også vera aktuelt med skulebesøk.
- Masterdelen blir redusert frå noverande tre semester (der ein også skal ha plass til praksis), til to (utan praksis). Der tenkjer eg meg at dei i niande semester tek normale 300-emne, og i tiande skriv ei kort masteroppgåve. Ein kan også tenkja seg at denne er fagdidaktisk. I så tilfelle bør ein truleg tilby eit fagdidaktisk 300-emne. Dette bør kunna vera felles for alle/fleire fag. Men det kan også vera aktuelt å innføra ein seksårig variant av integrert lektorutdanning, der studentane i tilfelle tek ein normal mastergrad.

## Fordel

- Integreringa, både fagleg og sosialt, er betre, ved at studentane vil ha eigne seminar i dei fleste semester, særleg i starten av studiet. Studentane får eit fagdidaktisk fokus på eit emne i alle semester.
- Ein slepp unna alle kollisjonar mellom fagstudium og praksis, fagdidaktikk og pedagogikk. Studentane får heile tida høve til å konsentrera seg om ein del av studiet.
- Overgangar blir lettare. Etter tre år har dei full bachelorgrad med ei spesialisering og kan hoppa av med fullført BA-grad, for eventuelt å börja på normal master. Eller dei kan halda fram eitt år til og ha også full PPU-utdanning og kan då evt. börja si skulegjerning. Eller

hoppa av og søkja seg inn i eit masterprogram og vera lektor med normal master etter seks år, som andre studentar. Elles sjølvsagt ta den reduserte masteren og vera ferdig etter fem år. Ein kan jamvel tenkja seg å innføra ein seksårig integrert master, som eit alternativ til den femårige og på den måten gje studentane eit reelt val innanfor graden.

### **Ressursbruk**

- Eg har ikkje rekna på det, men noko avhengig kor mykje fellesundervising ein gjev mellom ordinær PPU og integert, og også avheng av kor mange fagdidaktiske seminartimar ein gjev i fagemna, meiner eg det er grunn å rekna med at me ikkje treng meir ressursar.

### **Konklusjon**

- Ei betre og meir fleksibel utdanning.